

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 28.05.2019

**Stein Inge Ryssdal (H)** satte fram slikt forslag:

Tillegg:

«Endring av punkt 2c i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Skal ha til uttale saker innafor sitt arbeidsområde der dei ikkje har avgjerdsmynde.»

**Jon Askeland (SP)** sette på vegner av SP, H, FRP og A fram slikt forslag:

Tillegg:

a) «Tillegg til punkt 1 i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Ungdommens fylkesutval skal vere konsultative medlem i trafikktryggingsutvalet i Vestland».

b) «Tillegg til punkt 2a i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Fylkestrafikksikringsutvalet skal følgja opp hendingar og utvikling i trafikktryggingarbeidet i Vestland».

### Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ryssdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet sluttar seg til forslag til skriv, og ber om at dette vert sendt fellesnemnda som innspel til budsjettprosessen for Vestland fylkeskommune.

*Det vert gjort følgjande tillegg i teksten i skriv til fellesnemnda:*

Endring av punkt 2c i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Skal ha til uttale saker innafor sitt arbeidsområde der dei ikkje har avgjerdsmynde.

Tillegg til punkt 1 i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Ungdommens fylkesutval skal vere konsultative medlem i trafikktryggingsutvalet i Vestland.

Tillegg til punkt 2a i reglement for trafikktryggingsutvalet i Vestland fylkeskommune:

Fylkestrafikksikringsutvalet skal følgja opp hendingar og utvikling i trafikktryggingarbeidet i Vestland